



Siste basar for skulemusikken var for knapt 2 år sidan. Til venstre basarleiar Tor Inge Døssland

**Allereie før basaren til skulemusikken klokka 16 i morgon ettermiddag har iherdige loddselgjarar sikra rundt rekna 20 000 kroner til det gode føremålet. Det har skjedd både ved loddsal på SPAR og rundt i bygda og dermed bør det vera mogeleg å setja ny rekord for denne populære basaren. Og kva er så ny rekord?**

Jau, det er ein sum på meir enn 41 011 kroner, den tidlegare rekorden som vart sett under den siste basaren for 2 år sidan. Også då var rundt 20 000 sikra før sjølvne innspurten på Helgheim. så dette blir spennande.

Basarsjef Anne Rørheim rosar folk for stor velvilje sjølv om det er mange basarar og innsamlingar i Uskedalen.

Gevinstlista med 24 gjenstandar bør i alle fall frista dei fleste og vi nemner i fleng:

Gåvekort på 500 og 400, billetter til arrangement, skrujernsett, løpar. dokka med klede, hardangerbestikk, leikebondegard, knivsett, hårstyling, lego, blome, spekebølse, fotbad, vaffeljern, fruktkorger og brikker.

Vær på plass i god tid før korpset startar minikonserten og opplev - før lomdebøkene blir opna - den framgangen dei unge musikarane har hatt!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen